

KULDEHOL

Kjem du køyrande ein klår vårmorgon, eller ein sein haustkveld, mellom Søfteland og Ulven, må du ta det roleg i svingane. Her kan temperaturen i vegbana koma under 0 lenge før andre stader i kommunen. I klåre, stille netter skjer det ei kraftig nedkjøling av jordoverflata. På utsette stader kjem det bakkenære luftlaget og vegbana raskt under frysepunktet.

Særleg kaldt blir det i skyfrie netter utan vind vinterstid, når alle vatn er islagde. Kald, tung luft som då sig sakte nedover nær bakken, blir demd opp langs høgdedrag, bygningar og skog. Over lågtliggjande område på den flate strekninga frå Søfteland til Ulven og Tøsdal dannar det seg ein «kaldluftssjø» – *inversjon* – med dei lågaste temperaturane ved bakken og stigande temperatur oppover (sjå ramma). I strenge kuldebolkar kan temperaturen nær bakken gå under -25°C i dei mest markerte kuldegropene.


Høgare oppe i kaldluftslaget, som gjerne når opp til om lag 100 meter over bakken, går luftstraumen sakte mot Osøyro og Bjørnafjorden. Farten aukar i området nær fjorden. Turbulens i luftmassane og varme frå trafikk og hus svekkjer då inversjonen i tettstaden på Osøyro, slik at lufttemperaturen her sjeldan blir lågare enn omkring -12°C . I den svake vinden på Osøyro kjennest likevel kulden ofte like bitande som i den stille, mykje kaldare lufta over Søfteland.

Dette mønsteret i den lokale minimumstemperaturen finn ein i klåre netter til alle årstider, men i korte sommarnetter er kon-

Frostrøyk i Osdalføret.



Helge Haukeland



Skjematisk vertikalsnitt av kaldlufta i stille, klåre vinternetter i eit snitt frå Sælebaugen til Osøyro. Mørk blå farge tyder svært kaldt og sterk inversjon. Fargen lysnar med stigande temperatur til toppen av kaldluftlaget. (Kåre Utaaker/Eva Bjørseth)

trastane små. På fine sommardagar, derimot, er kuldegropene på Søfteland gjerne fleire grader varmare enn strandområdet i Os.

Mange andre stader i fylket kan òg visa til uvanleg låge vintertemperaturar når forholda ligg til rette, men det er på Søfteland fenomenet er best dokumentert.

RAUDLIA

I fjellsidene kring fjellet Sveningen er det mykje furuskog. Gamle furutre med kraftige greiner er det rikeleg av, spesielt eit stykke opp i lia. Ved Raudlitjørna ligg eit fredingsområde som bar til føremål å ta vare på nokre storvaksne, bortimot fire hundre år gamle furutre. Bergens Jæger- og fiskeforening si hytte midt på biletet.

(Svein Nord)



Du kan ta deg inn til området frå nord ved å følgja skogsvegen i sørenden av Sandalsvatnet i Hauglandsdalen eller frå sør via Gåssand og Ytra Raudlivatnet.



INVERSJON

I atmosfæren minkar vanlegvis temperaturen med høgda, i middel $0,6-0^{\circ}\text{C}$ pr. 100 meter. Kald luft er tyngre enn varm luft, og såleis blir det lett vertikal blanding av lufta. I stille og klåre netter kan avkjølinga vera stor – særleg ved bakken. Temperaturtilbøva kan då bli det motsette av det normale, slik at temperaturen aukar med høgda. Dette blir kalla temperaturinversjon. Den kaldaste og tyngste lufta ligg då nedst, og det blir inga vertikal blanding.

TERRASSAR I OSDALFØRET

På slutten av istida kom ein bre ned Osdalføret frå Gullfjellsmassivet og Sveningen. Etter at smeltevasselvane hadde bygd opp Ulvensletta (R312) og breen hadde skuva saman ein morenerygge på Moberg, byrja han å kalva attende. Ein om lag 30-50 meter djup fjord opna seg innover dalen. Brefronten stogga med visse mellomrom og bygde opp små delta som vi no finn att som sand- og grusterrassar i 58 meters bøg ved Tøsdalskrysset, Ulvenskiftet, Hellefloten, og den nordlegaste og største på begge sider av riksvegen ved Søfteland. Mellom terrassane ligg det mykje silt (grov leire) som vart avsett på botnen av fjorden utanfor kvart delta.

(Kart: Inge Aarseth/Eva Bjørseth)

